



Fungerande SFO-leiar Monica Larsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3229 - 14/13547

Saksbehandlar:

Stine Pedersen Sylta

stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:

10.12.2014

## Referat frå møte i Skulemiljøutvalet 08.12.2014

Tilstades:

Mai-Liss Sylta Møn, Inger Morken Ellingsen, Ingrid Bø Marøy, Elin Nøttveit, Målfrid Marøy, Monica Larsen, Simen Skjellanger og Jone Grindheim.

Meld forfall: Margrethe Kalsås og Kari Færøy. Innkalla vararepresentantar hadde heller ikkje høve til å møta.

Sak 1: Orientering om det å vera medlem av skulen sitt Skulemiljøutval.

Viser til heftet vedlagt innkallinga til møtet.

Sak 2: Konstituering

Leiar: Mai-Liss Sylta Møn

Nestleiar: Elin Nøttveit

Skrivar: Inger Morken Ellingsen

Sak 3: Skuleruta 2015-16

Vedtak: Skuleruta vart vedteken slik Rådmannen sitt framlegg låg føre (identisk med vedteken rute for Bergen, men elevfri dag 14.sept vert flytta til 22. des).

Sak 4: Orientering om reknskapen 2014 p.d.d. og budsjett 2015

Reknskapen er i ein avsluttande fase og endelege tal kan først framsetjast ut på nyåret. Justeringar vil verta gjort, men p.d.d. ser det bra ut.

På vikar korttidsfråvære er det stort overforbruk, men pga refusjon for langtidssjukemelde der vikarane tjener lågare enn den fast tilsette, går dette bortimot i null totalt.

Transportutgifter brukarar er godt overskride, noko som skuldast at mange born i skulekrinsen har fått innvilga kommunalt vedtak på gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg, utan at budsjettet er auka.

Budsjett 2015 skal vedtakast i kommunestyremøte 11. des, utfallet er det såleis for tidleg å seia noko om. Truleg vert det visse nedskjæringar.

Sak 5: Juleavslutningar

På same måte som i fjor avviklar med fleire juleavslutningar på eigen skule; 1.kl har for seg, 2. og 3.kl har saman, 4. klasse har for seg og 5.6.7. klasse har saman.

## Sak 6: Ymse

Resultatata frå årets elevundersøkelse for Manger skule og Radøyskulane er klare. Me er godt nøgde med resultatata (5.6.7. klasse har delteke) totalt sett. Eit par område peikar seg ut negativt og ikkje uventa: gymsal/garderobar/dusj og toalett. Elevrepresentantane kom med nokre innspel som rektor tar med vidare.

Uteområdet/parkeringstilhøva: Manger skule er no einaste skulen på Radøy som har dårlege parkeringstilhøve og farlege tilhøve for av-/påstiging/henting. Me ventar spent på om det vil verta bevilga pengar til utbetringar på komande kommunestyremøte. Uteområdet treng også utbetring; særleg oppe i «storeskogen» kan det oppstå farlege situasjonar. Dette har rektor meld frå om vidare. Generelt skal ein sjå på utbetringar av uteområdet på eit møte på nyåret mellom teknisk etat og skulen.

Inger Morken Ellingsen (skrivar)

Med helsing  
Stine Pedersen Sylta  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Fungerande SFO-leiar Monica  
Larsen  
Rektor Inger Morken Ellingsen  
Repr. frå "Råd for andre tilsette"  
Målfrid Marøy  
Repr. frå ped.personale Ingrid Bø  
Marøy  
Repr. frå ped. personale Elin  
Nøttveit  
Repr. frå Radøy kommune Kenneth  
Murberg  
Elevrepr. Anahita Færøy Niazmand  
Elevrepr. Jone Grindheim  
Elevrepr. Sofie Kolstad Tjore  
Foreldrerepr. Kari Færøy  
Foreldrerepr. Mai-Liss Sylta Møn  
Foreldrerepr. Margrethe Kalsås